



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 24.06.2022

Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 23.06.2022

Møtetid: Kl. 10.00

Møtestad: Høyanger kyrkjekontor

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad (Teams), Rolf Aamot, Sissel Sørebø (Teams), Frode Merkesvik, Andreas Ester.

Fråverande: Kenneth Førde, Torunn Styve

Kopi av møteprotokollen går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Torunn Styve, Monica Sunde Tjønnås, Toril Bjørkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, Karl Hjelmeland, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll

Innkalling, sakliste og møteprotokoll vart godkjent utan merknader

Meldingssaker

- 23 Soknepresten har ordet.**
Med utgangspunkt i flystreiken snakka Andreas om at dette viser at ingen fly kan ta av utan bakkemannskap. Vi i kyrkja er på ein måte Guds bakkemannskap, og utan oss skjer det lite og ingenting. Vår innsats er viktig, og mange ventar på våre tenester. Det må vi vite, og vere glade og takksame for!
- 24 Rekneskapsrapport 2022**
Rekneskapsrapporten vart gjennomgått i møtet, og teken til orientering.
- 25 Kyrkjetenarstillingane**
Innspel frå dei tilsette og råda vert arbeidd vidare med i arbeidsgruppa som består av May-Wenche Fossmark, Kari Henny Dale og Bjørnar Otterstein. Frist for arbeidsgruppa sitt arbeid er 22.09.2022.
- 26 Endring i Gravferdslova**
Etter endring i Gravferdslova er det no blitt lovleg med «våt kremasjon» der avdøde blir kokte i lut, slik at kroppane vert løyste opp. Fellesrådet tek dette til vitande.
- 27 Oppslagstavle ved Høyanger kyrkje**
Oppslagstavla kan no setjast opp, ettersom både kommunen og biskopen har sagt ok.
- 28 TOL-midlar**
Vi har motteke kr. 365 574 i Trusopplæringsmidlar frå bispedømet.

- 29 Kvalifikasjonskrav for vigsla stillingar**
Rundskriv nr. 4/2022 frå Kyrkjerådet er motteke, og teke til vitande.
- 30 Gudstenestepanleggaren – Statistikk i kvart sokn**
Administrasjonssekretæren har sendt eit databasert rekneark til kyrkjetenarane slik at dei kan føre kyrkjestatistikken fortløpande gjennom året. Ref. epost 07.06.2022.
- 31 Godtgjersle til Lavik sokneråd**
HKF ber kyrkjeverja effektuere utbetaling i samsvar med vedtak i sak 24/2020.

Vedtaksaker

012/22 Kyrkjeverjestillinga

Vedtak:

Ettersom den eine kvalifiserte søkjaren til stillinga som kyrkjeverje i Høyanger har trekt søknaden sin, vert stillinga å lyse ut på nytt. Søknadsfristen vert sett til 19.08.2022.
Samrøystes

013/22 Rekneskap 2021 – Endra økonomisk resultat, med revisjonsmelding

Vedtak:

Revidert rekneskap for 2021 vert godkjend. Samrøystes.

014/22 Årsmelding 2021 – Endra som fylje av endra økonomisk resultat

Vedtak:

Korrigert Årsmelding for 2021 vert godkjend. Samrøystes

015/22 Trusopplæringstiltak i sokna – Mellombelse løysingar

Fellesrådet drøfta ulike tiltak og måtar å oppretthalde trusopplæringsaktivitane på: Rekruttering, Lokale medarbeidarar, «Naboen min», Inspirasjonskurs, Leirar, innkjøp av utstyr og materiell. Samarbeidspartnarar kan vere IKO, KFUK/KFUM, NMSU.

Vedtak:

Fellesrådet set ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på korleis vi kan nytte trusopplæringsmidlane på beste måte til relevante trusopplæringstiltak framover. Arbeidsgruppa består av Andreas Ester, Torunn Styve og Bjørnar Otterstein.

016/22 Lavik sokneråd – søknad om stønad til arrangementet «Naboen min»

Vedtak:

HKF ser positivt på arrangementet, og løyver 100% av kostnadane nemnde i søknaden. Alle sokna vert oppmoda til å delta. Samrøystes.

017/22 Møtedatoar for HKF resten av 2022

Vedtak:

01. 09. kl. 13.00 29. 09.kl. 10.00 20.10.kl. 10.00 24.11.kl.10.00